

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 154/2011**

2012/EØS/16/31

av 2. desember 2011

om endring av vedlegg XX til EØS-aftala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til aftala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av aftala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”aftala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til aftala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 122/2011 av 21. oktober 2011⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2007/742/EF av 9. november 2007 om fastsettjing av miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne varmepumper⁽²⁾ skal takast inn i aftala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2009/888/EF av 30. november 2009 om endring av vedtak 2002/741/EF, 2002/747/EF, 2003/200/EF, 2005/341/EF, 2005/342/EF, 2005/343/EF, 2005/344/EF, 2005/360/EF, 2006/799/EF, 2007/64/EF, 2007/506/EF og 2007/742/EF med sikte på lenging av det tidsrommet som miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til visse produkt, skal gjelde for⁽³⁾ skal takast inn i aftala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I vedlegg XX til aftala vert det gjort følgjande endringer:

1. I nr. 2d (kommisjonsvedtak 2006/799/EF), 2da (kommisjonsvedtak 2007/64/EF) og 2y (kommisjonsvedtak 2007/506/EF) vert følgjande lagt til:
”, som endret ved:
– **32009 D 0888**: Kommisjonsvedtak 2009/888/EF av 30. november 2009 (EUT L 318 av 4.12.2009, s. 43).”
2. I nr. 2e (kommisjonsvedtak 2003/200/EF), 2o (kommisjonsvedtak 2002/747/EF), 2q (kommisjonsvedtak 2005/341/EF), 2r (kommisjonsvedtak 2005/342/EF), 2s (kommisjonsvedtak 2005/343/EF), 2t (kommisjonsvedtak 2005/344/EF), 2u (kommisjonsvedtak 2005/360/EF) og 2x (kommisjonsvedtak 2002/741/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32009 D 0888**: Kommisjonsvedtak 2009/888/EF av 30. november 2009 (EUT L 318 av 4.12.2009, s. 43).”
3. Etter nr. 2zb (kommisjonsvedtak 2010/18/EF) skal nytt nr. 2zc lyde:
”**2zc. 32007 D 0742**: Kommisjonsvedtak 2007/742/EF av 9. november 2007 om fastsettjing av miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til elektriske, gassdrivne eller gassabsorpsjonsdrivne varmepumper (EUT L 301 av 20.11.2007, s. 14), som endret ved:
– **32009 D 0888**: Kommisjonsvedtak 2009/888/EF av 30. november 2009 (EUT L 318 av 4.12.2009, s. 43).”

⁽¹⁾ TEU L 341 av 22.12.2011, s. 87, og EØS-tillegget til TEU nr. 70 av 22.12.2011, s. 24.

⁽²⁾ TEU L 301 av 20.11.2007, s. 14.

⁽³⁾ TEU L 318 av 4.12.2009, s. 43.

Artikkkel 2

Teksta til vedtak 2007/742/EU og 2009/888/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*)).

Artikkkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 2. desember 2011.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.